


Er det ekte?

– Objektet og røyndomen



HELGE GARDAR

Det går få dagar på eit museum utan at nokon peikar på eit utstillingsobjekt og spør: “*Er den ekte?*” Sjølv om spørsmålet ofte kan verke banalt, er det sjeldan enkelt å vite kva svaret skal vere. I nokre samanhengar kan ein tru at svaret er meir eller mindre openbert: Ja, denne stolen tilhørde Christie sjølv, og er dermed ekte. Nei, dette er berre ein modell av ein dinosaur, han er ikkje ekte.

Men sjølv i desse tilsynelatande enkle tilfella kan det dukke opp problem: Er stolen framleis ekte når han ikkje lenger finst i sitt opphavlege miljø, eller ikkje brukast av Christie sjølv? Og kan ikkje ein modell vere vel så god til å syne eigenskapar ved eit dyr, særleg når dyret ikkje lenger finst i naturen? Kva er det som avgjer om objektet er ekte? Og har det eigentleg noko å seie?

Blant vertane på museet går me dermed ofte rundt og diskuterer kva publikum eigentleg meiner når dei spør om objekta er ekte. Dette stykket er eit forsøk på å utforske kva autentisitet er på eit naturhistorisk museum, og korleis ein kan formidle nyansane til publikum. For å avgrense temaet tek eg utgangspunkt i dei utstoppa dyra, og ser på tilhøvet dei står i til røyndom, sanning og det autentiske.


Kva er autentisk?

Avhengig av ståstad og bakgrunn kan ein meine mykje forskjellig med å spørje om noko er ekte. Om vi fyrst held oss til dei fysiske objekta, er det allereie fleire måtar å tolke autentisitet på. Her er nokre døme:

- *Faktisk forstand: Er objektet (eller delar av det) henta frå røynda?*
- *Overført forstand: Representerer objektet noko som finst i røynda?*
- *Representativ forstand: Syner objektet røynda slik ho er?*
- *Epistemologisk forstand: Er objektet sett i ein realistisk kontekst, eller er miljøet tilgjort eller normativt?*

Desse aspekta tek likevel berre omsyn til dei ibuande eigenskapane til utstillingsobjektet. Biletet vert endå meir komplekst når ein tek med i rekninga alle forventingar og fordommar hjå publikum:

- *Korleis trur publikum at dyret ser ut? Har dei sett det i live, i naturen?*
- *Korleis meiner publikum at naturen bør vere?*
- *Korleis bør menneske fare med dyra og miljøa deira?*



I hop vert desse spørsmåla til eit hav av moglege tolkingar av spørsmålet: “*Er den ekte?*” Samstundes gjev dei opphav til like mange moglege svar, og me kjem ikkje mykje nærare gode og naturlege svar, og i alle fall ikkje noko som er einskapleg eller *korrekt*.

Svaret er, som nemnt, avhengig av fleire faktorar: utdanning, alder, erfaring osv. Dette viser seg i dei ulike måtane å svare på spørsmålet på.

Forslag 1: Fagfolk

Om ein spør ein biolog om eit utstoppa dyr er ekte, er det ikkje naudsynleg kjøtet eller fjøra som avgjer svaret. I staden er det dette spørsmålet: *Syner objektet dyret slik det er i naturen, med rett åtferd og i rett habitat?* Det vil seie, er det utstoppa dyret ein god representant for arten, framstiller det noko som eksisterer i røynda, i det fri? Og viser det til

åtfærd som stemmer overeins med slik dyret ville oppført seg i naturen?

Det viktige i eit slikt syn er om objektet er ein god representant for arten, ikkje at det er sett saman av mest mogleg organisk materiale. Om ein kan oppnå større likskap med naturen, vil ein slik ikkje stå i vegen for å rette på objektet, t.d. ved måling eller modellering. Føremålet er å la publikum få ei oppleving som minner mest mogleg om den ein kunne fått i det fri.

Det openbert problematiske er at det berre til ein viss grad let seg gjere å gjenskape habitat rundt eit daudt eksemplar. Plass, økonomi og estetiske omsyn gjer det ikkje lett, og ofte heller ikkje ønskjeleg, å gje objekta meir enn ei smal, stilisert omhylling av naturleg etterlikning. Åtfærd kan gjenskapaast, men ofte berre dei delane som kan representarast godt av eit stilleståande dyr.



Forslag 2: Born

Heilt i andre enden av skalaen finn me borna. Dei er som regel opptekne av den reine materialiteten i dei utstoppa dyra. Har dette dyret levd på eit eller anna tidspunkt? Er skinnet henta frå naturen?

Det er òg viktig kor mykje av dyret som er originalt. Er beingrinda framleis der under huda? Er augo ekte? Kor lenge har dyret vore dautt?

Og desse spørsmåla vert ein gåande og lure på i utstillingane: Ja, der under huda er det ofte ei beingrind, og skinn og fjør er henta frå ekte dyr. Men kva om huda er måla? Kva om beingrinda er erstatta med ei gipsform? Kva om delar av dyret er rekonstruert, eller sprekkar er limte att?

Ein ender ofte opp med eit gradert svar. Ja, dyret er ekte, men berre til ein viss grad. Når spørsmålet vert stilt som ein dikotomi, er det vanskeleg å gje eit endeleg, dekkjande svar utan fleire atterhald.

Forslag 3: Vanlege folk

Når vaksne gjestar spør om dyra er ekte, peiker dei som regel på ein meir avleidd materialitet. Det viktige er ofte at dyret ikkje er tilfeldig plassert, men at det har ei bakgrunnshistorie av eit eller anna slag. Kva er historia til nett dette dyret? Kva eigenskapar har det som kan grunnje og rettfærdiggjere at det har fått plass i museet? Vitnar det om noko me kan kjenne att frå naturen?

Det vil ikkje seie at eksemplaret treng vere unikt på noko vis. Det held at det fortel historier me er kjende med: ulvar felte under jakt, brugder henta inn frå fjordane på Vestlandet, ein ørn framstilt i stup mot eit bytte.

Ein del kan òg vere opptekne av at dyret har kopling til spesifikke historiske hendingar: slimålen til Fridtjof Nansen, løfothesten og atlasløvene på Universitetsmuseet er gode døme på det. Nokre av desse eksemplara representerer meir for publikum enn berre dyra dei framstiller. Dei er, i meir tradisjonell forstand, *museumsgjenstandar*, dei er unike.

Forslag 4: Simulakrum

Når ein har tida, kan ein likevel få til ei samtale forbi desse aspekta som koplar dyra direkte til røyndomen. For kva er eigentleg føremålet med eit naturhistorisk museum? For Universitetsmuseet i Bergen har det vore viktig å formidle kunnskap og opplevingar, men med ein tydeleg normativ

dimensjon: Mennesket er ikkje herre over naturen, det er naturen som er herre over oss. Sjølv om mennesket har fått ein privilegert plass i verdas økosystem, kan me ikkje fare med den makta som me vil.

I denne dimensjonen kan ein byrje å sjå på dyra som meir og meir fristilte frå naturen dei representerer. Nokre av dyra i eit museum, som dinosaurskjelett og restar av andre utdøyddde artar, finst slett ikkje lenger. Objekta peikar på ein røyndom som ikkje eksisterer.

Det same kan ein seie om mange av dyra som framleis finst. Nokre, som atlasløvene, lever berre i fangenskap, og kan vanskeleg kallast representantar for noko som er naturleg eller ekte i dag. Dei, som slimålen til Nansen, kjem stadig nærare å vere reine museumsgjenstandar. Andre finst i naturen, men sjeldan på måtar som er moglege å framstille i eit museum. Dyra i seg sjølv ser riktige ut, men ein går glipp av detaljrikdommen, særleg når det gjeld menneskeleg påverknad.

Ein annan måte å skildre det på, er at dyra vert *simulakrum*. Dei vert kopiar utan ein original, utan støtte frå ein ekstern røyndom der ute i naturen. Dette vert endå tydelegare når ein reknar med førestillingane hjå publikum, som alltid vil fylle sin eigen røyndom inn i objekta dei ser på museet.

I forlenginga av denne tankerekka kan ein kome til det kanskje mest sentrale spørsmålet: *Eksisterer det ekte dyr i det heile?* Ein kan fnyse og meine at slik spekulasjon er å strekke strikken for langt, men det er likevel noko i det. Ikkje på den reint fysiske måten: Ja visst finst det dyr i verda! Men svarar dei overeins med førestillingane våre om kva som er ekte og naturleg? Eksisterer det framleis dyr som ikkje er påverka av oss, som ikkje lever meir eller mindre på våre premiss?

Me fortrenger stadig meir av naturen, og påverkar i aukande grad sjølv dei delane me ikkje byggjer ned. Om me skal ha eit omgrep om ekte natur uavhengig av menneskeleg kontakt, kor mykje finst egentleg att?

Ein måte å svare på denne innvendinga på, er å vise naturen slik han er i dag, under menneskeleg påverknad. Isbjørnbinna som kom inn i dei nye utstillingane i 2019, har framleis på seg sporingsutstyret ho hadde på seg medan ho levde. Dette er berre éin måte å trekkje dei utstoppa dyra litt nærare den røyndomen som faktisk finn stad der ute.

Eit ekte spørsmål

Kanskje er det ikkje så viktig å ha gode svar på kva som er ekte på eit museum. Men desto viktigare er det å utforske kva som ligg bak spørsmålet, og kva det får oss til å tenkje på. Eit godt museum let ikkje publikum slå seg til ro med at det dei kikkar på, er ekte, at det syner sanninga. Alle som ser utstillingane, bør spørje seg kva sanning dei eigentleg ser på, korleis me kom fram til ho, og korleis ho kan endre seg i framtida. Dermed er det kanskje ikkje så farleg om objekta ikkje er ekte, så lenge dei får oss til å stille dei verkelege spørsmåla.

